



Småbarnstreff i lavvoen på Fjellandsbø onsdag 28. oktober (Arkivfoto).

No er det lenge sidan vi har møttest på Småbarnstreff. Vi har snakka på nytt med kommuneoverlegen. Han tilrår framleis at vi ikkje har samlingar inne på Bedehuset med så mange barn og vaksne, der vi blandar barn frå ulike aldersgrupper og ulike bygder. Men vi kan vera ute. Kommuneoverlegen har gitt klarsignal til det.

Så vi kan ønskjer velkomen til Småbarnstreff 4 onsdagar i haust.

Alltid kl. 10.00 - kl. 11.30.

- 28. oktober
- 11. november
- 25. novmber
- 9. desember

Stad: Friheim/Lavvoen ved Fjellandsbøvatnet.

Vi parkerer i Friheim oppe i Uskedalen, og går i «Kohort-turgrupper» på stylvter, hoppetau, på føttene o.l. inn til Lavvoen ved vatnet (ca 1 km) Samling i og utforbi lavvoen med «fisking», andakt, leik og varm drikke. Vi går og trillar attende til bilen. Ta gjerne med bytte og spade for det er fin sand inne ved Fjellandsbøvatnet.

Alder: 0 – 6 år med foreldre, besteforeldre og andre.

Hugs: Ta med niste og noko å sitja på. Ta med kle i forhold til veret. Hugs smittereglane.

Når det gjeld smittevernsregelane så kjenner dykk foreldre godt dei regelane. Vi leiarene skal legge godt til rette for at desse smittevernsregelane vert følgde.

Vi vil retta ei stor takk til Ingvild og Jone for lån av Lavvoen og Bjørg Inga og Kurt Eivind for at vi får lov å parkera i tunet deira.

NB! Meld frå om du kjem dagen før, på den lukka Facebook-gruppa vår eller på melding til Nelly - mobil 950 82 320.

VELKOMEN, VI GLED OSS TIL Å MØTA DEG

Helsing oss leiarane: Kristine Hestad, Toril Langeland og Nelly Kjærland

Tekst: Nelly Kjærland

Foto: Nelly Kjærland/ Uskedalen.no

Nett: Kristian Bringedal



Styltegang er ein av mange aktivitetar på Småbarnstreffet.